

Saksbehandlar: Sissel Lillebø Aarseth, Kulturavdelinga
 Sak nr.: 13/4151-56

Kulturstrategi 2014 - 2017, Høyringsinnspel

Framlegg til vedtak:

Fylkesdirektøren rår Hovudutval for kultur til å gjere slikt vedtak:

1. Høyringsinnspela til utkast til Kulturstrategi 2014 – 2017 vert innarbeidd i strategien etter vurderingane som er gjort i vedlegg 1 – Samandrag av høyringsinnspel og hovudutvalet sine innspel i møte.
2. Høyringsinnspela vert tatt vidare til arbeidet med handlingsprogram jf. vedlegg 1 – Samandrag av høyringsinnspel.
3. Det har ikkje kome fram vesentlege framlegg til endringar i Kulturstrategi 2014 – 2017 som gjer at strategien vert sendt på ny høyring.
4. Endeleg framlegg til strategi vert lagt fram for hovudutvalet for vedtak 23.09.14. Strategien legg føringar for prioriteringane i framlegg til budsjett 2015 / økonomiplan 2016-2019.

Vedlegg:

1. Samandrag av høyringsinnspel – Kulturstrategi 2014 – 2017.

Andre dokument som ikkje ligg ved:

Høyringsinnspel frå 15 eksterne organisasjonar.

SAKSFRAMSTILLING

1. Bakgrunn for saka

Kulturstrategi 2014 – 2017 har vore på høyring i perioden 08.04.14 – 25.05.14. Dei som har delteke på innspelskonferanse, kommunane, regionale lag og organisasjonar, institusjonar og andre som har levert skriftlege høyringsinnspel har fått tilsendt høyringsbrev. Elles er høyringa kunngjort på vanleg måte.

Det har kome inn 15 eksterne høyringsinnspel. I tillegg har Kultursektoren hatt ei intern høyringsrunde. Her har det kome inn 4 innspel. Det er laga eit samandrag av høyringsinnspela, vedlegg 1. Samandraget viser kven som har gitt innspel, eit samandrag av innspela og eit framlegg til korleis innspela vert tatt vidare.

Vurdering av høyringsinnspel

Innspela kjem frå:

- 2 kommunar og frå kulturnettverka i høvesvis Nordfjord og SiS
- 4 regionale lag og organisasjonar
- 2 nasjonale organisasjonar
- 1 institusjon

- 4 interesselag/særinteresse

Det er god sjangerbreidde blant innspelsgivarane. Kommunane er godt representert. Vi har innspel frå musikkfeltet, arrangørar, det frie feltet gjennom PreForm og BRAK. Tradisjonsberarane er godt representert gjennom Husflidslaget, Folkemusikklaget, Huset i bygda og Norsk forening for fartøyvern. Friluftsliv og fysisk aktivitet er representert gjennom FNF. Dei som skapar møteplassar er også representert gjennom t.d. Førdefestivalen.

Dersom ein skal ønskje ei vidare breidde i innspela ser fylkesdirektøren at den geografiske spreinga kan vere dårleg, det er m.a. ingen høyringsinnspel frå kommunane i Sogn, og heller ikkje institusjonar som er «Sognebasert». Av større institusjonar saknar fylkesdirektøren Musea, Teateret, Operaen og den store aktivitetskaparen for born og unge, idretten. For idretten sin del viser fylkesdirektøren elles til regional plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv.

Innhald i høyringsinnspela

I hovudsak gir innspela positiv støtte til, og stadfesting av, retning og innhald i mål, visjon, strategiar og satsingsområde.

Det er flest innspel til satsingsområda: 1. Kulturarv, 2. Den kulturelle grunnmuren og 3. Profesjonell kunst og kultur. Dette er naturleg sidan det er her lag og organisasjonar og kommunane kan sette seg sjølv og aktiviteten deira inn i ein samanheng. Sidan dette er ein overordna strategi vert mange av innspela enten tatt til orientering og/eller tatt med vidare til handlingsprogrammet.

Det er nokre få innspel til mål og visjon. Desse er stort sett positive. Det har kome nokre konkrete innspel til endringar. Fylkesdirektøren vurderer desse som for spesifikke / retta mot særinteresser til å vere med i ein overordna strategi. Det er særleg mykje støtte til visjonen og mål nr 1, kultur har eigenverdi. I mål nr 3 er tilbakemeldingane at ein må definere betre berekraft og kva som kjenneteiknar eit sjølvgåande kulturliv.

Det er få, men positive tilbakemeldingar til strategiane som er valt.

2. Vurderingar og konsekvensar

Det har kome inn eit variert utval av innspel til strategiutkastet. Sjølv om nokre sentrale organisasjonar manglar vurderer fylkesdirektøren det slik at det har kome inn tilstrekkelege tilbakemeldingar i høyringa.

Tilbakemeldingane har vore rimeleg samstemte og det er ikkje avdekka stor ueinigheit i regionen om retning på kulturarbeidet og prioriteringar av satsingsområde og arbeidsmåtar (strategiar).

Innspela som har kome er av 3 ulike typar

- Særinteresser ein ønskjer å fremje og få belyst
- Justeringar i tekst i høve til fakta/situasjonsbeskrivingar
- Framlegg til tiltak som ikkje er ein del av strategiutforminga, men som har ein naturleg plass i handlingsprogrammet.

Det er likevel nokre tilbakemeldingar og innspel som går igjen og som fylkesdirektøren ønskjer å drøfte særleg.

1. **Satsingsområde 4 Frivillig sektor.** Det har kome relativt lite innspel til dette satsingsområdet i forhold til kva fylkesdirektøren forventa. Fylkesdirektøren vurderer dette som at det einigheit om satsingane innan feltet. Innspela som har kome dreier seg om å oppretthalde og styrke økonomiske løyvingar til feltet. Det har også kome inn høyringsinnspel frå ein nasjonal organisasjon som målberer eit perspektiv om at grunnmuren best vert styrkt gjennom å bygge vidare på regionleddet og dei lokale ledda til dei nasjonale kulturorganisasjonane. Kulturstrategien har i stor grad har fokus på dei lokale lag og organisasjonane som gir legitimitet til regionsledd og nasjonale ledd, ein nedanfrå og opp-haldning til det frivillige kulturlivet.
2. **Ytringskulturomgrepet** vert drøfta av fleire, særleg i høve til dei frivillige organisasjonane som ikkje finn sitt aktivitetsområde nemnt, særleg friluftsliv og idrett. Ytringskultur er eit nytt omgrep og ein må vente at det er drøftingar omkring dette. Arbeidet i frivillige organisasjonar høyrer inn under ytringskulturen, også idrett og friluftsliv. Fokuset på utvikling innan fysisk aktivitet har ein sterkare planstatus i og med at det er utarbeidd ein regional plan for fysisk

aktivitet, idrett og friluftsliv. Denne styrer arbeidet innan feltet. Kulturstrategien forhold seg difor til idrett og friluftsliv som ein del av frivillig sektor, mens utviklingsarbeidet deira vert styrt av den regionale planen.

3. **Den kulturelle grunnmuren.** Definisjonen på grunnmuren er lagt i Kulturutgreiinga, og det er denne definisjonen som er nytta i strategien. Mange av innspela kjem i forhold til å inkludere meir spesifikke tiltak og «særinteresser» i grunnmuren. Fylkesdirektøren ser at Engerutvalet sin definisjon kan vere avgrensande og foreslår difor å ta inn lokale kulturbygg og formidlingsarenaer som ein del av den kulturelle infrastrukturen. Den norske kyrkja vert definert som ein del av grunnmuren, dette er lite inkluderande og fylkesdirektøren ønskjer å nytte omgrepet kyrkje/trussamfunn.
4. **Fylkeskommunen som eigar og medstiftar.** Det kjem innspel om at fylkeskommunen legg opp til fleire forventningar, føringar og utfordringar i høve til institusjonane enn det som no er styringssignala frå staten. Både ved søknad og rapportering vil det vere ein fordel om statlege og fylkeskommunale styringssignalar samsvarar. Fylkesdirektøren ser at det er eit poeng at staten legg færre føringar på institusjonane; det er først og fremst institusjonane sine eigne føremål og kunstnarlege val og prioriteringar som skal vere styrande for verksemda.

Fylkeskommunen vil vere ein engasjert og interessert eigar/medstiftar og økonomisk bidragsytar. Men ein ønskjer også at innanfor samfunnsoppdraget til institusjonane skal desse utvikle sin eigen form og måte å produsere og formidle god kunst og kultur til innbyggjarane. Samstundes vil fylkeskommunen også peike på område der vi utfordrar institusjonane på å ha klare strategiar og mål for sin aktivitet. Dette vil m.a. vere:

- Strategiar for å nå barn og unge
- Vere synlege og til stades i store deler av/heile fylket
- Kompetansebase for andre aktørar
- Samarbeid mellom institusjonane og deltaking i å utvikle det regionale kulturlivet
- Publikumsarbeid (tiltak for å gjere seg kjend med kven publikum er, kor nøgde dei er med tilboda, kven ein ev. ikkje når, korleis nå nye publikumsgrupper, osv.)

Fylkesdirektøren meiner at det bør vere ulik innfallsvinkel i høve til om fylkeskommunen er ein tilskotsgeivar eller eigar/medstiftar. Som eigar ønskjer politisk nivå i fylkeskommunen å styre utviklinga sterkare enn der fylkeskommunen berre gir tilskot. Fylkesdirektøren foreslår difor at dette punktet vert spissa og det vert angitt kva institusjonar FK er eigar eller medstiftar i. Fylkesdirektøren vil rå til at dette vert lagt inn som ein strategi, ikkje eit satsingsområde.

5. **Handlingsprogram.** Når strategien er vedteke skal satsingsområda følgjast opp med handlingsprogram for kvart satsingsområde. Dette vil vise konkrete tiltak, økonomi og ansvar for dei ulike arbeidsområda. Mange gir innspel på at handlingsprogramma også må kome på høyring. Fylkesdirektøren vurderer at dette er i tråd med opplegget rundt regionale planar. Om dette skal gjennomført også i kulturstrategien vil bli vurdert nærare. Den vanskelege økonomiske utsiktene framover gjer dette arbeidet særleg utfordrande. Etter fylkesdirektøren si vurdering må vi legge dei strategiske vurderingane til grunn inn i budsjettarbeidet, noko som også så langt er gjort, jf HK-sak 30/14. Handlingsprogrammet vert rullert årleg, i samband med budsjettarbeidet.

Fylkesdirektøren vurderer at innspela som har kome inn i stor grad er i tråd med strategiutkastet og at endringane som er føreslegne ikkje er så store at det krev ein ny høyringsrunde.

3. Vidare framdrift

Hovudutvalet handsamar høyringsinnspela, vurderer desse og legg ev. føringar for ferdig strategi. Fylkesdirektøren rår så til at eit nytt strategiutkast vert utarbeidd og lagt fram for vedtak i Hovudutvalet 23. september, med høve for endeleg handsaming i fylkestinget i oktober. Strategien legg føringar for prioriteringane i framlegg til budsjett 2015 / økonomiplan 2016-2019.

4. Konklusjon

Fylkesdirektøren rår til at høyringsinnspela vert handsama i tråd med vedlegg 1 og dei innspel hovudutvalet kjem med i møte. Endeleg Kulturstrategi vert utarbeidd på bakgrunn av desse innspela.

